

bygd kar. Ingen soldater paa Eid hev vore so drjug kring um armar og laar som han. Han var boden til aa vera med Nansen yver Grønlandsisen; men folket hans sette seg unot. Han var ein velvøynd og veltamd fjellmann og var vesdevaktmann paa fjellet. Hadde elles mykje vyrdnad og tiltru; var ordførar i heradet og hadde mange tillitsyrkje. Han var styrar av fjellstova «Viden» og difor vel kjend i mellom mange lerdafolk og vel undtykt av alle, som kjende honom. — Ætti paa br. nr. 3 kann ein fylgja attende i 250 aar. Namni hev vore Harald og Kolheim. Paa br. nr. 4 er ei nyare ætt. Paa br. nr. 6 er same ætt no som i 1602. Harald-namnet paa nr. 3 og 6 er fraa Berge.

Det liver mykje segn um desse gamle ættorne og livet deira, um vøding og fjellferdsala, som hev vore dreve fraa dei eldste tider av. Her hev og livt mykje øvtru og segn um trolldom og hekser. Ei trollkjerring hev fraa garden vart brunnit ute paa Andatongja saman med to andre trollkjetter; den ein skulde vera fraa Grønfur. Um e onnor kjerring hev fraa Skaare segjest det, at ho skulde vera eit troll til aa trætta med grunnar og eit skøvjern til aa auka bruket sitt.

«Blinde-Sigrid» Skaare var — som so mange kvindfolk fyrr hev i Nordfjord — dugande felespelar og spelte tidt i brudlaup kringum bygdene.

Grasdalen og Skjeringsdalen er framifraa hannedalar, der no mange av Uppstryns-gardane hev sætrane sine. I Grasdalen hev Erdal, Berge, Rygg, Kjelløg og Greidung(?) hann aat hestar og gjeldkrøter. I Skjeringsdalen hev Skaare (med undantak av Hamrebr), Grov, Hamarrshruket paa Hjelle, Grønfur, Mork, et bruk av Haareikat, to av Fosnes-brukarane og Aarnes sætrane sine paa same stad.

Det var fyrr vandt aa koma til desse dalane med krøter. Dei maatte daa fara yver Glomsdalen og Nautebreiden med krøtti. Men i 1851 har det so ille til, at det kom over med reinføk yver folk og fe, daa dei fór yver breiden. Tjuge av dei likaste mjølkekyrne vart stfliggjande paa breiden. Aaret etter vart vegen yver Glørene vølt og forbettra, so dei kunde fara med krøter her. Fyrr var det uraad her aa fara med krøter; men folk gjekk her — etter line — tidt med lange byrdar paa ryggen. Jørgen J. Skaare har eingong ein galte og ein onnor gong ei kviga yver, segjest det.

I 1730, den 7<sup>de</sup>, fekk gardane Mork, Grønfur, Grov og to mann paa Skaare skøyta paa Skjeringsdalen.

Semja um Skjeringsdalen 1819, d. 2/4, 1820. Semja um løbete og metkeskil i beggje dalane 1840. Ny semja, tl. 2/4, 1851.

**Brucarane:**

Nr. 1, Olabr.

Anders Pederson\*), br. 1612. Aatte i 1624 i pd. 9 mk. i Sunde og Flo.

Knut Eirikaon, br. 1627 ein part av br.

Anders Steinarson, br. 1645; brur til Ingebr. S. Folva.

S. Rasmus, br. 1653; sk. 1643 p. 18 mk. i Folva. \* 1. Kirsten Rasmusd. Folva. 2. ?

S. Anders, br. 1. 1689. \* Magdeli Larsd. (Bolst.).